



SANDE KOMMUNE
RÅDMANNEN
6084 Larsnes
Tlf. 70 02 67 00 Fax 70 02 67 01
sande.kommune@sande-mr.kommune.no
www.sande-mr.kommune.no

Sande idrettsråd
Lag/organisasjonar i Sande kommune m/ fleire

<i>saksnr</i>	<i>løpenr.</i>	<i>arkiv</i>	<i>avd /sakshandsamar</i>	<i>dato</i>
2007/1213	3713/2007		STAB HK	04.09.2007

KOMMUNEDELPLAN FOR IDRETT OG FYSISK AKTIVITET 2007 - 2010 - RULLERING AV PLANEN HAUSTEN -07 - FRAMLEGG OM EVT. NYE PROSJEKT

INNKALLING TIL MØTE PÅ SANDE RÅDHUS TYSDAG 18.09.07 KL.17.45.

Sande kommunestyre vedtok i desember 2006 hovudrullering av Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet i Sande kommune for perioden 2007 – 2010.

Kommunen skal foreta ei årleg rullering av planen dersom det kjem til nye tiltak som det aktuelt å søkje om spelemidlar til. Innspel om nye tiltak / endringar føreset ny prioritering av aktuelle prosjekt.

Vedlagt følgjer kopi av kommunestyret si prioritering av tiltak i handlingsplanen for perioden 2007 – 2010.

Når det gjeld **ordinære anlegg** ligg det føre sak om **utviding av gym.sal Larsnes skule, førebels prosjekt om Sandehallen, Gursken, og ny gymsal ved Gjerdsvika skule.**

Desse prosjekta skal leggst fram for politisk vurdering og handsaming i haust.

Sande idrettsråd får i oppdrag å gjere ei nærare vurdering av hall-prosjektet ved Gursken skule og utvidinga av gymsalen ved Larsnes skule, og snarast råd gjere ei tilråding til Sande kommune om kva for eitt av desse to prosjekta rådet går inn for.

Idrettsrådet blir vidare oppmoda om å gjere framlegg om prioritering av andre aktuelle tiltak i planen. Dette gjeld både ordinære anlegg og nærmiljøanlegg, evt. nye tiltak og tiltak som alt står i planen.

Idrettslag og andre engasjerte bak dei tiltaka som er nemnde ovanfor vert invitert til møtet 18.09. Representantar bak prosjekta, kan – i tillegg til å bli informert om arbeidet vidare – om ønskjeleg få høve til å kome med sine synspunkt.



SANDE KOMMUNE

Framlegg om rullering av handlingsplanen for komande år skal politisk handsamast seinast i desember d.å., og møtet 18.09. er ein viktig start på dette arbeidet. Vi vonar på godt frammøte denne dagen.

Vel møtt !

Med helsing

Gudmund Sandnes
rådmann


Helge Kjerstad
Kulturkonsulent

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Helge Kjerstad

Arkivsaknr: 2006/3046-5082/2006
Arkiv: 143

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
36/06	Oppvekst- og kulturutvalet	13.11.2006
134/06	Formannskapet	05.12.2006
81/06	Kommunestyret	19.12.2006

Saka gjeld: **KOMMUNEDELPLAN FOR IDRETT OG FYSISK AKTIVITET - RULLERING AV PLANEN FOR PERIODEN 2007 - 2010**

Tilråding:

Komunedelplan for idrett og fysisk aktivitet i Sande kommune – rullering av planen for perioden 2007 – 2010 vert vedteken.

Tiltak i handlingsplanen vert prioritert i samsvar med tilrådinga.

Handsaming i Oppvekst- og kulturutvalet

Framlegg frå Olav Myklebust:

Tilrådinga med fylgjande endring:

Sandehallen vert nytt pkt. 4 i prioritert Handlingsplan for ordinære anlegg, jamfør skriv frå Gursken IL.

**Olav Myklebust sitt framlegg fekk 3 røyster og vart tilrådd (SP, Høgre og Sande Vest).
Tilrådinga fekk 2 røyster (SV og Frp).**

TILRÅDING:

Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet i Sande kommune – rullering av planen for perioden 2007 – 2010 vert vedteken. Tiltak i handlingsplanen vert prioritert slik:

Ordinære anlegg:

1. Rehabilitering av grusbane, Larsnes
2. Utviding av gym.sal, Larsnes
3. Utviding av klubbhus, Larsnes IL
4. Sandehallen, Gursken IL

Nærmiljøanlegg:

1. Ballbinge Kvamsøy skule
2. Sanitæranlegg/badestamp/grillhytte, Kvamsøy
3. Sandvolleybane, Gamlebanken Larsnes.

Handsaming i Formannskapet :

Torbjørn Rekdal foreslo at varmebadet kjem inn i planen, som nr. 5 på ordinære anlegg.

Tilrådinga frå Oppvekst- og kulturutvalet med tillegget sett fram av Torbjørn Rekdal vart samrøystes tilrådd.

TILRÅDING:

Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet i Sande kommune – rullering av planen for perioden 2007 – 2010 vert vedteken. Tiltak i handlingsplanen vert prioritert slik:

Ordinære anlegg:

1. Rehabilitering av grusbane, Larsnes
2. Utviding av gym.sal, Larsnes
3. Utviding av klubbhus, Larsnes IL
4. Sandehallen, Gursken IL
5. Varmebadet, Sandetun

Nærmiljøanlegg:

1. Ballbinge Kvamsøy skule
2. Sanitæranlegg/badestamp/grillhytte, Kvamsøy
3. Sandvolleybane, Gamlebanken Larsnes.

Handsaming i Kommunestyret :

Samrøystes som tilrådinga frå formannskapet med slike endringar/tillegg:

Ordinære anlegg:

Pkt. 5 Varmebadet, Sandetun går ut.

Lista vert komplettert slik:

5. Gymsal, Gjerdsvika
6. Kunstgrasbane, Gursken
7. Golfanlegg, Hareid

VEDTAK:

Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet i Sande kommune – rullering av planen for perioden 2007 – 2010 vert vedteken. Tiltak i handlingsplanen vert prioritert slik:

Ordinære anlegg:

1. Rehabilitering av grusbane, Larsnes
2. Utviding av gym.sal, Larsnes
3. Utviding av klubbhus, Larsnes IL
4. Sandehallen, Gursken IL
5. Gymsal, Gjerdsvika
6. Kunstgrasbane, Gursken

7. Golfanlegg, Hareid

Nærmiljøanlegg:

1. Ballbinge Kvamsøy skule
2. Sanitæranlegg/badestamp/grillhytte, Kvamsøy
3. Sandvolleybane, Gamlebanken Larsnes.

Rett utskrift

SANDE SERVICEKONTOR, 6084 Larsnes, 2. januar 2007

Tove Cathrine Kvamme

Tove Cathrine Kvamme

sekretær

Særutskrift: